

VEG OG VIRKE

I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 1

Mars 1984

12. årg.



**Frei vegstasjon
opna 14. februar
— 1984**



**Endeleg fekk
vegmeister Harald
Dragset og gjengen
hans i T-10 ein
skikkeleg base.**

VEG OG VIRKE

I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 1

Mars 1984

12. årg.

BEDRIFTSAVIS FOR VEGVESENET I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Redaksjonsutval:

Andor Wicken
Arne Johnsen
Terje Haug

Redaksjonsråd:

Ulf Myhre
Tore Hoëm
Ottar Brudeseth
Per Dalsbø
Olaus Winther
Oddmund Gussiås

Redaksjonssekretær:

Terje Haug
Utgitt av Statens Vegvesen,
Vegkontoret Møre og Romsdal.

Redaksjonens adresse:

Fylkeshuset,
Julsundvegen 1 B, 6400 Molde

Sats og trykk:

Jan Betten & Sønns Trykkeri, Tingvoll

Opplag: 1850

Innhald:

- | | |
|--|------------------------------------|
| 3 Slå eit slag for publikum | 50 Bruinnspeksjon |
| 4 Trafikkulykker 1983 | 52 Navnet skjemmer ingen |
| 6 Ekstraløyving til Aksjon
skoleveg | 53 Vedlikehald for hundre år sidan |
| 7 Norsk Vegplan | 54 Tilbygg på Toven vegstasjon |
| 13 60 mill. kroner til fastdekke i år | 56 Forskot på lønn til boligformål |
| 15 Planlegging 1984 | 57 Løsning på «Vegkryss» |
| 18 Maskinavdelinga | 58 Helsing frå Årvågsfjorden |
| 29 Nye serviceintervall | 61 For 50 år siden |
| 30 Energiøkonomiseringstiltak | 62 Kryssord |
| 33 Eiendom og verksteddrift i 1983 | 64 Bilførernes lys-feil |
| 36 Innkjøps og lagervirksomheten | |
| 37 Innformasjon om innkjøp | |
| 38 Frei vegstasjon | |
| 39 Opplæring — kurs og konferansar
i 1983 | |
| 40 Nytt fra arbeidsmiljøutvalget | |
| 42 Opplæring av nye maskinførarar | |
| 43 Bedriftsidrett | |
| 45 Arbeidsmarkedet | |
| 46 Vi gratulerer | |
| 46 Flaate sluttar | |
| 47 Pensjonisttreff i Skodje veg-
klubb | |

Vegsjefen har ordet:

Slå eit slag for publikum



Aksjon publikum omfattar også verksemda til vegvesenet. Er det ikkje snart nok aksjonar vil mange seie. Det er likevel klart at aksjonen tek opp spørsmål som vi må vere merksame på. Mange ting har vi allereie gjort noko med og grunnlaget er soleis lagt opp for å følgje opp vidare.

Mykje av målet med aksjonen er samanfatta i slagordet: Slå eit slag for publikum. Det betyr at vi skal syte for betre publikumsbehandling, betre informasjon og betre saksbehandling. Ikkje noko av dette er nytt, men det skader ikkje å bli minnt om det. Vi må passe på at vi ikkje stivnar i gamle rutiner.

Det er til dømes svært viktig korleis biltilsynet handterer sine oppgåver i dagleg kontakt med publikum. Bak betre informasjon ligg også kravet om innsyn i verksemda vår og informasjon om rettane til publikum. Dei vi har kontakt med vil alltid ha eit ynskje om betre og raskare saksbehandling.

Verksemda vår er svært omfattande og på mange område har vi gode resultat å vise til. Likevel både kan vi og skal vi bli betre i tida framover. Sidan det er to partar er det også naudsynt at publikum kjem oss i møte. Det er soleis dei viktige sakene det må brukast tid på og vi må syte for at dei svake ikkje taper i presset frå dei sterke.

På dette vis vil vi framleis slå eit slag for publikum.

Kaare Flaate



TRAFIKKULYKKER 1983:

Brukbart resultat, — men ikkje godt nok!

Ingen reduksjon i 1983 i forhold til 1982 i talet på politimeldte trafikkulykker i Møre og Romsdal. Likevel er dette talet på ca 500 ulykker (både i 1982 og 1983) det lågaste talet vi har hatt på mange år.

Markert reduksjon i talet på «mjuke trafikantar» spesielt. Med 127 ulykker i 1983 er dette det heilt klårt lågaste talet på svært lang tid. Det inneber ein reduksjon på 13% i forhold til 1982 og 43% i forhold til 1977. Dette ser altså ut til å vere ein framhaldande tendens. Det må kunne registrerast som svært gledeleg.

Talet på **dødsulykker** ligg også i år på eit vesentleg **lågare nivå** enn det som tidlegare over ei årrekke var vanleg. Dei tre siste åra har vi hatt 12 (1983) 15 og 14 ulykker med døden til følge i vårt fylke. Dette er godt under halvparten av det talet som var vanleg tildømes i tiårsperioden 1970-80. Nokon fast tendens bør ein likevel ikkje trekkje av dette, etter som tala her er små med store utslag av tilfeldige endringar.

Dei tala som her er nemnt, gjeld for alle vegane i fylket samla. For dei ulike vegane er utviklinga noko



Bilføraren i denne bilen døydde fordi passasjereren i baksetet ikkje var sikra. Trykket mot framsetet gjorde at bilbeltet til føraren slitna.

— ALLE i bilen må sikrast med bilbelte!

FYLKESOVERSIKT

	Kommuneveg		Fylkesveg		Riksveg		Sum alle vegar	
	1982	1983	1982	1983	1982	1983	1982	1983
Registrerte trafikulykker	105	92	97	104	299	303	501	499
Andel mjuke trafikantar	55	45	27	27	64	55	146	127
<u>Andel mjuke trafikantar delt på</u>								
Fotgjengarar	23	28	16	16	40	36	79	80
Syklistar	29	12	10	10	24	17	63	39
Kjelke/Spark/Ski o.l.	3	5	1	1	0	2	4	8
<u>Registrerte trafikulykker delt etter skadegrad:</u>								
Dødsulykke	1	0	3	3	11	9	15	12
(Antall døde)	(1)	(0)	(3)	(3)	(11)	(9)	(15)	(12)
Svært alvorleg skadd	2	0	6	5	4	6	12	11
Alvorleg skadd	18	11	16	20	44	48	78	79
Lettare skadd	71	68	59	60	192	202	322	330
Berre materiell skade	13	13	13	16	48	38	74	67

ujamn. På **kommuneveg**ar er det reduksjon både for samla ulykkestal og for ulykker med mjuke trafikantar. På **fylkesveg**ar har ulykkestalet gått noko opp, medan **riksvegulyk-****kene** held seg meir konstant. Her er det likevel ein gledeleg reduksjon i talet på ulykker med mjuke trafikantar.

Sjølv om det er ein del positive trekk

ved ulykkesbiletet i 1983, så ligg framleis ulykkestalet høgt i Møre og Romsdal. Målet om å nå fram til ei halvering i talet på personar skadd eller drept i trafikken i fylket innan 1987, sett i forhold til 1977, er framleis på langt nær nådd. Det må arbeidast konsekvent og intenst på alle plan dersom vi skal kome vidare mot målet.

Magne Flemsæter



Ekstraløyving frå staten på 1,2 mill. til Aksjon Skoleveg

På samme måte som i 1982 og 1983 har Møre og Romsdal også for 1984 fått tildelt **1,2 mill. kroner** frå staten til snarleg gjennomføring av **Aksjon skoleveg-tiltak på fylkesveg**ar og **kommunale veg**ar. Det er opplyst at dette no er siste gongen det skjer tildeling av slike midlar frå sentralt hald.


Som i 1983 er det no føresetnaden at den sentrale løyvinga skal dekke **halve** kostnadene med prosjekta. Den andre halvdelan må dekkast av kommune og/eller fylkeskommune, alt etter kva slag veg tiltaket gjeld for. Samla vert dette dermed «Aksjon skoleveg»-tiltak for nye 2,4 mill. kroner i Møre og Romsdal i 1984.

Det er fylkets trafikktryggingsutval (FTU) som har ansvaret for fordelinga av midlane. Fordeling vil skje etter søknad frå den enkelte kommune med grunnlag i den tidlegare vedtekne prioriteringa av «Aksjon skoleveg»-tiltak i kommunen. Dersom

det seinare har meldt seg andre prosjekt for trygging av skoleveg, kan kommunane i tillegg også ta med desse. For tiltak på fylkesveg kan det unntaksvis dessutan tenkjast at initiativ blir teke direkte frå fylket/vegkontoret.

Vi vil presisere at tilskottsordninga ikkje gjeld tiltak på riksveg. Her vil andre midlar verte nytta for gjennomføring av tiltak i 1984 som i tidlegare år.

For tiltak på kommuneveg skal kommunen dekkje halvparten av kostnaden med kvart prosjekt. For tiltak på fylkesveg må den tilsvarande halvpart delast mellom fylket og kommunen. Med andre ord vil 25% av kostnaden med slike «Aksjon skoleveg»-tiltak langs fylkesveg falle på kommunen etter denne ordninga, medan kommunen etter den vanlege ordninga elles må dekkje 50% av kostnaden. Kommunane i fylket er orientert om løyvinga i brev frå veg-



Under «Aksjon skoleveg» har mange ulike løysingar vorte prøvd. Å hindre «Ut-rusing» på uoversiktleg stad er viktig.

kontoret av 25. januar 1984. Frist for innsending av søknader er sett til 1.

april. Søknader må ha tekniske planar og kostnadsoverslag vedlagt.

Hermund Veбенstad

NORSK VEGPLAN

Investeringsprogram 1986 - 89

Utarbeidinga av Norsk vegplan for 1986 - 89 er den fjerde revisjonen av langtidsplanen sidan den første Stortingsmelding om Norsk vegplan vart lagt fram i 1970. Norsk vegplan har i desse åra utvikla seg frå i hovudsak å vere ein investeringsplan for riksvegnettet til å omfatte heile verksemda til Statens vegvesen.

I det etterfølgjande vil vi berre komme inn på det kapitlet i vegplanen som fører til mest diskusjon på lokalpolitisk hald, nemleg investeringsprogrammet for 1986 - 89.

Det er det siste halvåret utarbeida fleire førebelse utkast til investeringsprogram og innhenta synspunkt frå kommunane og samferdselsutvalet til desse. Vegsjefens endelege forslag til investeringsprogram vil, saman med resten av planen bli sendt Vegdirektoratet ca. 1. mars 1984. Det vil vidare bli lagt fram for dei fylkeskommunale organ slik:

Samferdselsutvalet	21.mars 1984
Fylkesutvalet	15.mai 1984
Fylkestinget	5.-7. juni 1984

Vegsjefen vil orientere Vegdirektoratet om dei vedtak som blir gjort i samferdselsutvalet, fylkesutvalet og fylkestinget.


Vegdirektoratet vil leggje ein samla langtidsplan for Statens vegvesen fram for Samferdselsdepartementet den 1. november 1984. På dette grunnlag vil departementet tidleg i 1985 leggje fram ei stortingsmelding om Norsk vegplan 1986 - 89. Det er føresetnaden at Stortinget skal behandle meldinga i vårsesjonen 1985.

Samla ramme for investeringane i 1986 - 89 er førebels sett til 540 millio-
nar 1983-kroner. Som det går fram av figuren nedanfor er dette monaleg

lågare enn i periodane 1978 - 81 og 1982 - 85.

Situasjonen for fylkesveganlegga er som ein ser enda dårlegare enn for riksvegane, men investeringsprogrammet for fylkesvegane blir ikkje tatt opp i Norsk vegplan. Det er lagt opp til ein svak auke i vedlikehaldsmidlane både til riksvegar og fylkesvegar.

Dei etterføljande tabellane viser korleis investeringane i 1986 - 89 blir fordelt på ulike typar prosjekt og korleis investeringane i 1982 - 85 og 1986 - 89 blir fordelt mellom riksvegane i fylket. Deretter følgjer ein kort omtale av større enkeltprosjekt vi tek sikte på å realisere i 1986 - 89.



Hovudmålsetting med tiltaket

- Utbetring/ombygging av grusveggar	111,1	- Anna ombygging/utbetring av riksveggar	76,8
- Innkorting avløyising av ferjesamband	54,2	- Gang/sykkelvegar	56,4
- Forsterkning til 10 tonn tillatt aksellast	18,8	- Busslommer/leskur	6,0
- Utbetring/ombygging av ferjekaier	18,5	- Spesielle trafikktryggingstiltak (utbetring ulykkespunkt, kryss m.m.)	19,4
- Utbetring/sikring av tunnelar + rasoverbygg	32,2	- Spesielle servicetiltak (rasteplasser m.m.)	1,0
- Omkjøringsveggar og hovudveggar i tettbygde strom (Beta trafikkavvikling og trafikktryggleik)	133,6	- Støyskjerming	2,0
		- Til disposisjon	10,0
		Sum (mill. kr)	540,0

Strekningsvis investeringsprogram for riksveggar 1986-89 og 1990-93

RV.	Strekning	Mill. kr		1983-prisar	
		NVP 1)	Oppfølgning 1)	Investeringsprogram	
		1982-85	1982-85	1986-89	1990-93
EV 69	Oppland grense-Åndalsnes	19,0	34,4	0	
EV 69	Åndalsnes-Spjelkavik	27,0	24,1	31,0	
EV 69	Spjelkavik-Ålesund	36,3	51,5	72,2	37,2
RV 14	Spjelkavik-Solevågen ferjekai	53,0	22,0	18,9	
RV 14	Festøy ferjekai-Sogn og Fjordane gr.	31,3	25,0	17,6	
RV 16	Sør-Trøndelag grense-Kristiansund	33,2	36,8	15,7	
RV 58	Oppland grense-Sjøholt xE69	35,3	34,7	21,5	6,0
RV 60	Blindheim x14-Sogn og Fjordane gr.	36,8	25,9	42,6	1,0
RV 61	Solevågeid x14-Hareid	10,7	17,1	2,5	
RV 61	Hareid-Sogn og Fjordane gr.	19,0	20,7	17,3	8,0
RV 62	Molde ferjeterm.-Sunndalsøra x16	28,7	30,5	25,7	
RV 63	Sogge bru xE69-Linge x58	2,6	0,3	0	
RV 64	Åndalsnes xE69-Lønset x62	25,7	26,3	11,1	14,3
RV 65	Sør-Trøndelag grense-Beiteråsen x16	5,5	6,0	1,5	
RV 66	Oppdøl x62-Rensvik x16	3,4	8,6	3,0	
RV 67	Molde s62-Bremsnes ferjekai	33,9	30,0	8,5	
RV 71	Betna x65-Sør Trøndelag grense	5,7	1,0	2,5	
RV 620	Sogn og Fjordane gr.-Åheim x61	0,4	0	9,0	

Mill. kr

1983-prisar

Rv.	Strekning	NVP 1)	Opp- følging 1)	Investerings- program	
		1982-85	1982-85	1986-89	1990-93
RV 651	Volda-Fyrde-Straumshamn	14,9	14,4	0	
RV 652	Eidså x61-Lauvstad ferjekai	8,3	14,1	15,0	- 15,0
RV 653	Garnes x61-Rjånes x14	4,6	5,3	4,5	
RV 654	Dragsund x61-Fosnavåg	4,2	13,7	15,5	
RV 655	Tryggestad x60-Ørsta x14	13,7	13,8	5,6	
Rv 657	Mauseidvåg x61-Langevåg	2,5	4,5	3,7	
Rv 658	Valderøy ferjekai-Vigra flyplass	3,3	4,2	3,6	
Rv 659	Eidsvik x661-Skjelten	11,6	17,6	1,0	
RV 660	Åfarnes x64-Stubøen x62	18,1	18,2	0,5	
Rv 661	Digernes x69-Vestnes	19,1	11,6	18,5	
RV 661	Vestnes-Kjelbotn xE69	0,4	0	21,2	
RB 661	Vestnes-Furneset (inkl. ferjekai)	9,5	1,1	0	
Rv 662	Molde x62-Hollingsholm	5,3	5,2	8,1	
RV 663	Sylte x67-Ørjavik x67	6,2	5,4	0	
RV 664	Eidem x663-Bud	1,9	0	0	
RV 665	Ødegård x62-Tingvoll x16	0,5	0	11,8	7,4
RV 666	Toven x62-Batnfjordsøra x66	14,7	11,7	14,4	
RV 667	Grimsmo x670-Surnadalsøra	1,6	1,0	1,5	
RV 669	Straumen-Dyrnes-Straumen	10,9	8,9	6,4	
RV 670	Skei x65-Ålvundsfoss x16	3,4	5,2	0	
RV 680	Kristiansund x16-Tømmervåg- Sør-Trøndelag grense	39,4	27,9	19,0	
RV 681	Kvernberget-Kvernberget flyplass	0,0	0	0	
RA 1913	Straumen-Edøy-Kuløy	11,7	5,8	54,2	
	Refusjonar	12,1	12,1	0	
	Ikkje fordelt på vegrute	0	30,0	34,7	
Investeringar totalt		625,0	626,6	540,0	88,9

OMTALE AV STØRRE ENKELTPROSJEKT

- E 69 Åndalsnes—Spjelkavik (31,0 mill. kroner)

Ein reknar med å bruke 14 mill. til opprusting til vegnormalstandard og gangvegbygging på parsellen Sjøholt—Apalset (fullført 1989?). Elles vil det meste av investeringane gå til utbetring av tunnelar og ras-overbygging mellom Veblungsnes og

Vikebukta og til attståande forsterkningsarbeid for 10 tonn aksellast på strekninga Sjøholt—Digernes.

- E69 Spjelkavik—Ålesund (72,2 mill. kroner)

30,6 millionar er avsett til fullføring av ny innfartsveg på strekninga Lerstad—Nørvesund. Saman med

ein ny tunnel mellom Åse og Lerstad, som skal byggjast for fylkesvegmidlar, vil denne vegen erstatte noverande E69 mellom Åse og Nørvesund, truleg i 1987. Seinare i perioden vil 21,5 millionar bli brukt til å byggje midlertidige tilknytningar til den kommunale Lerstadvegen på Lerstad og i Breivika slik at Lerstadvegen kan avlaste E69 mellom Moa og Åse. Det er berre mindre delar av desse midlertidige løysingane som ikkje vil inngå i den permanente innfartsvegen på denne strekninga. I slutten av perioden håper vi å komme igang med parsellen Nørvesund—Nørvevika der det er sett av 20,1 millionar. Samla overslag for denne parsellen er 57,3 millionar så vi reknar ikkje med at den vil bli fullført før i 1991-92.

- Riksveg 14 Spjelkavik—Sogn og Fjordane grense (36,5 mill. kroner)

17,4 millionar er avsett til fullføring av ny veg på parsellen Blindheim x60—Vegsund bru i Ålesund (ferdig 1988/89?). 12,0 millionar er ført opp til vegomlegging mellom Lystad skole og Morkabrua, ei strekning med smal veg og mykje randbusetnad nordvest for Ørsta sentrum (planlagt fullført i 1989).

- Riksveg 16 Sør-Trøndelag grense—Kristiansund (15,7 mill. kroner)

Det vil ikkje bli gjennomført nokon store enkeltprosjekt på denne strekninga i 1986-89. Det meste av løyvingane går til utbetring av tunnelar.

- Riksveg 58 Oppland grense—Sjøholt xE69 (21,5 mill. kroner)

16,1 millionar er avsett til utbetring av eksisterande grusveg på parsellen Eide bru—Eidsdal ferjekai (inkl. ombygging av ferjekaia). Vi reknar med at ein treng ei restløyving på 4 millionar i 1990 til fullføring av dette prosjektet.

- Riksveg 60 Blindheim x14—Sogn og Fjordane grense (42,6 mill. kroner)

10,4 milionar er avsett til prosjektet Blindheim x14—Blindheim bedehus der det vil bli bygd ny veg samstundes med omlegginga på parsellen Blindheim x60—Vegsund bru på riksveg 14 (ferdig 1988/89?).

10 millionar vil bli brukt til å forsterke riksveg 60 for 10 tonn tillatt aksellast mellom Ålesund og Stranda sentrum, truleg i 1986/87.

Vidare er det sett opp 6,0 millionar til utbetring mellom Ringstad og Sløgstad ved Stranda sentrum, der vegen har svært låg bereevne og mykje randbusetnad. På den rasutsette strekninga mellom Ljøen og Hellesylt er det sett opp 7 millionar til eit nytt rasoverbygg (ved «Nyfonngrova») som ein tek sikte på å bygge i 1986.

- Riksveg 61 Solevågseid x14—Sogn og Fjordane grense (19,8 mill. kroner)

Det er sett opp 10,8 millionar til oppstarting av ei vegomlegging mellom Eidså—Fiskå som er den einaste gjenståande grusvegparsellen på denne ruta i dag. Samla overslag for

omlegginga er 18,8 millionar kroner. Vi reknar med at prosjektet blir fullført i 1990 - 91.

- Riksveg 62 Molde ferjeterminal—Sunndalsøra x16 (25,7 mill. kroner)

19,0 millionar er sett opp til bygging av ny innfartsveg til Molde frå aust mellom Indre torg og Moldegård og fullføring av det midlertidige ferjeleiet i Grandfjæra som blir opna i 1984. Vi reknar med at prosjektet kan vere fullført i løpet av 1987.

- Riksveg 620 Sogn og Fjordane grense—Åheim x61 (9,0 mill. kroner)

Heile denne smale og svingete grusvegen vil bli ombygd tidleg i perioden (truleg 1986 - 87).

- Riksveg 652 Eidså x61—Lauvstad ferjekai. (15,0 mill. kroner)

Innvesteringane vil bli brukt på den attståande smale, svingete og til dels rasfarlege grusvegen mellom Sundnes og Stigen. Samla førebels overslag er på 30 millionar kroner på denne strekninga. Det vil derfor vere behov for store løyvingar også i perioden 1990-93

- Riksveg 654 Dragsund x61—Fosnavåg (15,5 mill. kroner)

Det er sett opp 10 millionar til bygging av ny Straumen bru. Kostnadene for dette prosjektet er førebels usikre da det ikkje er endeleg avklart kor stor bru høgde det skal vere. Sammen med eit par andre mindre utbetringar vil dette prosjektet medføre at heile riksveg 654 kan skrivast opp til 10 tonn tillatt aksellast, truleg i løpet av 1988.

- Riksveg 661 Digernes xE69—Kjelbotn xE69 (39,7 mill. kroner)

Arbeidet med utbetring/ombygging av attståande grusvegstreking vil halda fram med parsellen Vatne—Ulvestadvika (5,9 mill. kroner i 1986) og Juvika—Tomra (5,8 mill. kroner (i 1989)). Parsellen Leirvikbukta—Vestnes vil bli utbetra i 1986 (3,7 mill. kroner). Vi tek vidare sikte på å starte arbeidet med ny veg på parsellen Remmem—Kjelbotn i 1988 (21,2 mill. kroner) og håpar å få fullført denne i 1989.

I tillegg til prosjekt som blir bygd for løyvingar over statsbudsjettet, reknar vi no med at det vil bli bygd ny veg frå riksveg 661 i Leirvikbukta til nytt ferjeleie på Furneset for bompengelån. Det er venta at anleggsarbeidet kan starte i siste del av 1984 med fullføring i 1986 (kostnadsoverslag 14,4 mill. kroner).

- Riksveg 665 Ødegard x62—Tingvoll x16 (11,8 mill. kroner)

På denne smale og tildels svært bratte grusvegen tek ein sikte på ei mindre omlegging ved Sollia (3,7 mill. (i 1988?)) og oppstarting av ei større omlegging på strekninga Lundbakken—Aspås (7,3 mill. kroner i 1989). Samla overslag for denne siste parsellen er på 14,7 millionar.

- Riksveg 666 Toven x62—Batnfjordsøra x66 (14,4 mill. kroner)

12,4 millionar er avsett til utbetring/ombygging av attståande grusvegstreking mellom Øre og Batnfjordsøra i 1986-87.

**- Riksveg 680 Kristiansund
x16—Sør Trøndelag grense
(19,0 mill. kroner)**

16,5 millioner er avsett til ombygging av den smale og svingete grusvegvarsellen Tømmervåg ferjekai—Linvågen. Ein tek sikte på at arbeidet skal bli ferdig i 1988.

**- RA 1913 Straumen—Edøy—Kuløy
(54,2 mill. kroner)**

Som nevnt i punkt 9.4.3 tek ein sikte

på oppstartning av dette prosjektet i 1985 og fullføring i perioden 1986 - 89. Når prosjektet er fullført vil ferjesambandet Kristiansund—Smøla bli nedlagt og erstatta av eit nytt samband frå Edøy til Aukan på riksveg 680. Det er rekna ut at prosjektet vil føre til ein årleg reduksjon i transportkostnadene på 4-5 millionar kroner. Prosjektet vil føre til at Edøy, der det er busett om lag 80 personar, blir landfast med resten av Smøla kommune.

60 mill. kroner til faste dekker i år

I 1984 blir det lagt omlag 275 km med fast dekke på riks- og fylkesvegar her i fylket. Den samla kostnaden på desse arbeida kjem på om lag 60 mill. kroner. Heile 80%, eller om lag 220 km blir lagt på riksvegane. I løpet av året vil grusveglengda bli

reduisert med 17 km på dette vegnettet. Dei strekningane som vil få fast dekke for første gong er desse:

Rv 58 Grande — Korsmyra (ørnevegen)

Rv 60 Storfoss- og Strekane tunnel (mellom Stranda og Hellesylt)



Dette er ikkje eit uvanleg syn på fylkesvegnettet.

Med dei løyvingane vi har til rådvelde i dag, må slike dekke stå enno 10-12 år før dei blir fornya. Korleis ser dei ut då tru?

Rv 651 Åseskaret — Hjartåelva
 Rv 661 Stokkeland — Leirvikbukta
 Rv 680 Hisåsmyra — Giset (Ertvåg-
 øya)

Om lag 160 km riksveg vil få nye slitedekker. I samband med at ein skal auke aksellasta frå 8 til 10 tonn på ein del av vegnettet, vil vi i tillegg forsterke omlag 35 km. Dette er først og fremst strekningane Vartdal — Rjånes på riksveg 14, Mo — Ålvundfoss på riksveg 16, og Ørskogfjellet på E69.

Forny 200 km riksveg

Samla kan vi difor seie at vi vil få ei fornying på heile 200 km. Dette er om lag 13,5% av den riksveg lengda som har fast dekke. Med ein så stor fornyingsprosent bør vi kunne halde ein rimelig god standard på dette vegnettet, sjølv om auken i aksellasta vil merkast.

Må fylkesvegar bli grusveg?

På fylkesvegnettet er stoda svært annleis. Vi må vel kunne seie at den er kritisk, sett med «dekkeage». Av dei om lag 1000 km som har fast dekke i dag, har vi pengar til å fornye berre 50 km. Det vil seie ein fornyingsprosent på 5, eller ei gjennomsnittleg levetid på 20 år. Når vi veit kva forfatning dette vegnettet er i, synes ei slik levetid heilt urealistisk. Allereie i dag må vi fornye strekningar som berre er 4-5 år gamle. Dersom ikkje desse løyvingane blir auka monaleg, vil vi måtte vurdere å la enkelte fylkesvegar som har fast dekke bli grusveg att.

Driftsformer

Som tidlegare år vil vi produsere og legge ut storparten av oljegrusen og asfaltløsningsgrusen i eigenregi,

medan dei varme massane blir sette bort på anbod. På grunn av den store mengda oljegrus som skal leggast i år, har vi sett oss nøydde til å sette bort produksjon og utlegging av omlag 15.000 tonn. Dette skal leggast på 5 parsellar mellom Geiranger og Sjøholt på riksveg 58.

Eigenproduksjon

Eigenproduksjonen vil også i år foregå på Røkkum og i Vistdal. Utlegginga skjer på om lag 65 parsellar rundt om i fylket. Lengdene på parsellane varierer frå 2-300 meter til 12-13 km. Dei lengste parsellane som får samanhengande dekke er desse:

Rv 670 Kvanne—Kalhaug	12 km
Rv 62 Eidsøra—Ballsnes	9 km
Rv 16 Mo—Ålvundeid	8 km
Rv 62 Kleive—Fossbakken	8 km
Rv 58 Vaksvik—Sjøholt	7,5 km

Stor entrepriser

Produksjon og utlegging av om lag 50.000 tonn asfalt og 15.000 tonn oljegrus skal i år settast bort på entrepriser. Så store kvantum har vi ikkje sett bort tidlegare. Heile 5 kontraktar er lyst ut. Produksjonsstaden blir i Skorgen i Isfjorden, Horgeheim i Romsdal, Spjelkavik og Kristiansund. Tyngda, mellom 30-40.000 tonn, vil bli produsert i Skorgen.

Den stramme tidsplanen

Om to månader brakar det laust. Då gjeld det at alle maskiner og utstyr er reparert og kontrollert. Det tolest ikkje mange stoppa, om denne stramme tidsplanen skal haldast, og det planlagte arbeidet utført innan ein ny vinter melder seg.

Magne Mørkedal

PLANLEGGING 1984

Generelt

Det har i mange år vært relativ stor spredning av anleggsdrifta i fylket vårt. Selv om det har vært en større konsentrasjon de siste åra, har vi fremdeles mange små anlegg, samtidig som de fleste miljøtiltaka også er av mindre omfang. Vegvesenets forslag til investeringsprogram for 1986-89 inneholder store beløp i Ålesundsområdet (E 69 og riksveg 14) samt til veg- og bruprosjektet Smøla-Edøy, men også mange mindre beløp rundt omkring i fylket. Dette vil nødvendigvis måtte prege planlegginga. Selv om det er ønskelig å komme over på større strekningsvise planer, spesielt hovedplaner, er mange av planoppgavene ganske små og unntatt fra planforskriftenes krav om hovedplan.

Gang-/sykkelvegplaner krever relativt mye arbeid. Det ser likevel ut til at vi må bruke enda mere tid og kapasitet på disse om vi skal få gjennomførte prioriterte prosjekt noenlunde i takt med bevilgningene.

Midlene til fylkesveger har gått drastisk ned de siste åra. Dette har rimeligvis ført til redusert planaktivitet for fylkesveger. Med fortsatt små bevilgninger kan en tenke seg enten konsentrasjon om tre-fire større anlegg om gangen, eller at midlene blir brukt på spesielt dårlige punkt eller korte strekninger uten at resten av vedkommende veg blir

gjort ferdig. For sistnevnte tilfelle er det ønskelig med ferdige hovedplaner som viser at de enkelte mindre tiltaka passer inn i en sammenhengende plan.

E 69

Hovedplanparsell Foss—Horgheims-eidet vil bli sendt Vegdirektoratet for godkjenning. Detaljplan for gang/sykkelveger Oterholm—Voll—Sæbø i Måndalen og Skjegstad—Daugstad, i alt 3,5 km, vil bli fullført. På parsell Oterholm—Voll også plan for utbedring og forsterkning av riksvegen.

I Ålesund innfartsveg gjenstår en del byggeplaner, spesielt vil det bli arbeidet med kryss på Lerstad og parsellen Lerstad—Nørvesund, videre tunnelen Lerstad—Åse som egentlig er fylkesveg, men en meget viktig tilførselsveg til innfartsvegen.

Riksveg 14

Det ventes utarbeidet byggeplan på parsellen Blindheim—Vegsund noe omlegging også av riksveg 60, videre ventes fullført og godkjent hovedplan for omlegging Sjukeneset—Solevågseid inkludert arm til Solevåg ferjekai og del av riksveg 61.

Mellom Festøy og Skorge bru vil det bli noe planlegging for annen standardheving i samband med forsterkingsarbeid.

Vi har engasjert konsulent for utar-

beiding av hovedplan Skorge bru—Mork bru—Oseområdet, altså inn til og gjennom Ørsta sentrum.

Reguleringsplan for nytt ferjeleie i Volda ventes stadfestet i disse dager, diverse byggeplaner gjenstår.

Framholdende planlegging for utbedring og forsterking til 10 tonn aksellast mellom Straumshamn og Sogn og Fjordane grense.

Riksveg 16

Høgst prioritert er detaljplan for gang/sykkelveg Kvalvåg—Ørnvik, 1,7 km.

Ellers vil det bli arbeidet med planer for forlenging av gang/sykkelveg sør for Tingvoll sentrum og for videreføring nordover på parsell Tingvollvågen—Einlia.

Som et meget langsiktig prosjekt vil det bli innledet hovedplanarbeid på parsellen Meisingset—Saglia (Tingvoll S.), 9,3 km.

Riksveg 58

Det vil bli innledet planlegging på parsellene Korsmyra grense—Eide bru og Eide bru—Eidsdal, i alt vel 16 km.

Enkelte strekninger er ferdig bygd på sistnevnte parsell.

Likeså vil arbeidet med plan Komvika—Vestre bru—Amdam bli tatt opp igjen som hovedplan, alternative løsninger på deler av parsellen.

Riksveg 60

Viktigste oppgaver er byggeplan på parsell Aure—Tynes og plan for vegutbedring Ringstad—Sløgstad.

Ellers planlegging for forsterking Aursnes—Stranda, gang/sykkelveg på Storgjerde i Stranda og for utbedring tunneler Røyr—Hellesylt.

Riksveg 61

Største oppgave er framholdende arbeid med hovedplan parsell Eidså—Fiskå, 6,3 km. Her er det mange alternativer og mange meninger.

Av andre oppgaver skal nevnes gang/sykkelveg Nykrem—Leikong kirke, 1,1 km og busslommeplan Fiskå—Åheim.

Riksveg 62

Manglende detalj/byggeplaner for omlegging Indre Torg—Moldegård vil bli fullført. Ellers betydelig planlegging for forsterkning, blandt annet parsell Midthaug—Ødegård samt Åfar, Usma og Storvik bruer med tilstøtende veg. Framholdende planlegging for miljőtiltak i Kleive og Eidsvåg, dessuten ønskelig å komme i gang med hovedplan for framtidig riksveg forbi/gjennom Eidsvåg.

Riksveg 64

Vi avventer Samferdselsdepartementets behandling av klage på hovedplanvedtak parsell Stein—Hen før detaljplan blir utarbeidet og framlagt. Ellers ønskelig å starte hovedplan for gjenstående parsell Åndalsnes—Stein.

Riksveg 65

Fullføring av detaljplaner for gang-/sykkelveger på Øye og i Bæverfjord, dessuten plan for utbedring av et ulykkespunkt mellom Betna og Halså.

Riksveg 66

Fullføring av detaljplan for gang/sykkelveger Flatset—Storbakken og Bolga—Rensvik.

Riksveg 67

Detaljplan for utbedring i Hjertvika samt framholdende arbeide med gang/sykkelveg Bruhagen—Rødsand.

Hovedplan for omlegging forbi Bruhagen vil bli søkt godkjent.

Riksveg 71

Detaljplan for 1. byggetrinn (veg til Valsøya) i veg- og brusambandet Veg over Valsøya dersom det lykkes å finansiere prosjektet som fylkesveglegg.

Riksveg 651

Ingen planlegging i selve riksvegruta, men det vil bli utarbeidet hovedplan for parsell Fyrde—Kalvatn som inngår i prosjekt RA 1904 Fyrde—Grodås.

Riksveg 652

Framholdende detaljplanlegging for delparseller innafor strekninga Sundnes—Velsvik—Stigen.

Riksveg 654

Fullføring detaljplan for anlegget på Koppen med gang/sykkelveg. Plan for ny Straumen bru med tilstøtende veg og gang/sykkelveg Nærøykryset—Myklebust.

Riksveg 655

Detaljplan for parsell Sæbø—Frøland i samsvar med godkjent hovedplan.

Plan for gang/sykkelveg Mo—Ørsta, 1,5 km.

Riksveg 658

Framholdende arbeid med plan for sammenhengende gang/sykkelveg—sideveger 4,9 km fra Valderhaugstrand til Gjøsund.

Riksveg 661

Hovedplan Ulvestadvika—Helle, 4,5 km, framlegges til behandling.

Hovedplan Fiksdal—Tomra ventes godkjent, detaljplan vil bli utarbeidet. For å opparbeide en viss planreserve vil vi også ta til med sammenhengende hovedplan på strekninga Helle—Rekdal—Fiksdal.

Hovedplan Vestnes—Salthammer—Kjellbotn vil bli gjort ferdig og framlagt til behandling.

Riksveg 662

Byggeplan Reknes—Bjørset for utbedring og gang/sykkelveg i samsvar med stadfestet reguleringsplan.

Riksveg 663

En del planlegging på Vevang i forbindelse med Atlanterhavsvegen.

Riksveg 665

Hovedplanarbeid vil bli innledet på parsell Ødegård—Dyrليا.

Riksveg 666

Framholdende arbeid med detaljplan Øre—Batnfjordsøra.

Riksveg 669

Det vil bli utarbeidet detaljplan for Leirvika N—Leirvik—Straumen i samsvar med godkjent hovedplan.

Det store arbeidet på Smøla blir planlegging for det nye veg- og brusambandet Smøla—Edøy. Hovedplan er nå til behandling. Tidligere planarbeid har gitt så vidt god avklaring om trasévalg at detaljplanlegging etter alt å dømme vil ta til før hovedplan er godkjent av Vegdirektoratet.

Riksveg 680

Ingen store planarbeider i 1984, men arbeid med detaljplan for omlegging forbi Leira vil trolig bli innledet.

Spesielle prosjekt

Kristiansunds fastlandsforbindelse.

Når prosjektet får tilstrekkelig politisk klarsignal vil organiseringen av planleggingen bli tatt opp. Om dette skjer i 1984 vet vi ikke. Vi vil imidlertid i år utarbeide detaljplan for deler av vegen på Aspøya for det tilfellet

at det kan bli aktuelt med sysselsetting.

Ålesund—Ellingsøy—Valderøy—(Giske).

Ingen aktiv planlegging fra vår side i 1984, men vi bør generelt følge med i den prosjektering som foregår. Vi vil sikkert også bli trukket inn i planleggingen for konsultasjon og rådgiving.

Atlantehavsvegen.

Vi vil bearbeide eldre hovedplan, dessuten sørge for tilstrekkelige detaljplaner for det arbeid som ventes utført for sysselsettingsmidler og bruselskapets aksjekapital.

Bru over Tresfjorden.

Etter oppfordring fra Samferdselsdepartementet vil vi utføre oppdatering av tidligere planer samt foreta en trafikkundersøkelse for å kunne vurdere mulig bompengefinansiering.

Ulf Myhre

MASKINAVDELINGA

Vegvesenet si maskinavdeling har samarbeid med anleggs- og vedlikeholdsavdelinga si verksemd over heile fylket. **Hovudsentralen** ligg på Årø omlag 6 km aust for Molde med flyplassen som næraste nabo. Her er til disposisjon 30 mål, der distriktslaboratoriet og vedlikehaldet i T8 har lager og verkstad i eigedommen vest for elva som vart overteken etter eit privat firma for eit par år sidan, mens sjølve vegsentralen ligg aust for elva.

Sjølve vegsentralen har i dag

Maskinverkstad som tek seg av vedlikehald, tilsyn og reparasjonar av alle vegvesenet sine bilar og maskiner.

Plateverkstad der hovudtyngda av arbeidet er knytt til ferjekaier (nybygg og reparasjonar), men óg alle andre former for sveisearbeid (knu-sarar, transportband, rekkverk osv.).

Lager, der alt frå grove jarnbjelkar, rekkverksskinner og grovmateriell




til arbeidsklær, sengetøy o.a. til kvar tid er å finne. I tillegg til lager av alle vanlege skilt er det óg til denne avdelinga knytta produksjon av spesialskilt. Likeeins er det ved lageret bøying og kapping av armeringsstål, montering av forskalingsdragarar og førebuaende arbeid for betongarbeid.

Snekkerverkstaden har no 4 faste snekkarar som driv med reparasjon og ombygging av brakker, både ved å ta einskilde brakker inn til Årø for større tiltak og mindre reparasjonar rundt om i fylket.

Frå vegsentralen på Årø vert **tran-**

sport og utleige av bilar, brakker og alle maskiner koordinert. Herifrå er óg utgangspunktet for 3-4 faste, **reisande serviceinspektørar** som har ansvaret for rutinevedlikehald av alle maskiner rundt om, skifte slidedelar og motarbeide driftsstogg og ventetid. Ein **maskininstruktør** står for opplæring av maskinførarar, orienterer om nytt materiell og rettleier ved t.d. skifte av arbeidsoppgåve. Likeeins er ansvaret for vegvesenet sitt sambandsutstyr lagt til vegsentralen.

På mange vegstasjonar rundt om i vedlikehaldsdrifta er det i dag plas-



sert mekanikarar som er knytte til vegsentralen og har det daglege tilsynet med bilane og maskinene i distriktet. Han kan óg ha andre oppgåver, t.d. knytt til felleslageret eller tilsyn med nærliggande ferjekaier.

Alle dei «gule» bilane og maskinene rundt om i fylket går i det daglege inn som naturlege einingar i drifta til anleggs- og vedlikehaldsavdelinga, men førarane er med i maskinavdelinga sitt mannskap og vert løna frå vegsentralen. Det er soleis stort omfang dersom vi ser på maskinavdelinga si verksemd totalt:

Ved maskinavdelinga er det tilsett 74 tenestemenn.

Ved verkstaddrifta er det tilsett 46 tenestemenn.


Ved lagerdrifta er det tilsett 4 tenestemenn.

Gjenkjøpsverdien av maskiner m.v.
pr. 1.1. -84 omlag 200 mill.
Innkjøpt i 1983 for omlag 18 mill.
Driftsbudsjett i 1983 omlag 57 mill.

Hovudbygginga, ferdig i 1967, inneheld verkstad, lager og kontor og er på 1.850 m². Servicebygget bygd i 1977/78 er på 575 m² og elles er det meir opne hus eller skur på til saman omlag 1.500 m² for sandlager, garasje, vinterlager av maskiner, armeringsarbeid o.a.



Organisasjonsskjema for avdelinga er vist nedanfor:

ORGANISERING AV MASKINAVDELINGA VIST SKJEMATISK



Oddvar Åfløydal



VEG-
SENTRALEN




maskin



verkstad



utleie



opps. Mann


SIGURD SOLEMDAL



opps. Jente

INGEBRIGT HEGGSET

sekretær-løst



teknisk sekretær

MAGNE BLOMSNES



Kontor. Bist.

UNNI VASSGÅRD

div.



Verksteds Komann

ARVID TALSET



Maskinfører

ARNEFINN ELIASSEN

BILVERKSTAD



OLE RØBEKK
verkstad-form.




ALF BREDEGG
mekaniker



LUDVIK EIDHAMMER
mekaniker



KJELL FYLLING
mekaniker



GUDMUND HOL
bil elektriker



JOHAN LØNSETHAGEN
mekaniker



ERLING MØGSTAD
mekaniker




KNUT SKJERSLI
mekaniker



ASBJØRN STRANDEBJ
mekaniker

PLATEVERKSTAD



ARNE
LONSETHAGEN
verkstadform.




JØRGEN
SIGERSET
verkstadform.



JOHN
AMUNDSGÅRD
mekaniker



PER
DYRLI
mekaniker



MARTINUS
GAUTVIK
mekaniker



KÅRE
HANSEN
mekaniker



TERJE
NORLI
mekaniker




JOHN
RØBEEK
mekaniker



EINAR
MAGNE
STRAND
mekaniker

KNUSEVERKREP.




JONAS BERG
verkstadsformann



ARNSTEIN HEILEVANG
servicerep.



REIDAR AANDAL
servicerep.



ANTON RØBEKK-mekaniker

SERVICE



HELGE ANTONSEN-mekaniker



EGEF FERENZI
mekaniker



ODD REKDAL
mekaniker

SNIKKARAR




ARNOLD ELLINGSGÅRD




KNUT ELLINGSGÅRD



EMIL ISTAD - spes. arb.



JOFRÉD KLAUSET



ÆNE LEIRSTAD - spes. arb.



RAGNAR LØNSETTEIG

MASKINSTR

JERNBINDERLAGER

ELEKTRIKER



STEINAR



MÅTE



KÅRE HJELSET

SJÅFØRAR




IVAR BORGSTRAND



JON INGAR EIK



LEIF ASBJØRN GUSSIÅS



ODD HALVORSEN




JAN OLAV MYRBOSTAD



ODD ERIK LØNSETHAGEN





HELGE LILLEIDE




ANDERS ROY MØRK




SVEIN SETERBØ



LAGER





510 — 511 — 512

Nye serviceintervall

Fra 1/1-84 har vi ved Vegsentralen innført nye serviceintervall for maskingruppene 510-, 511- og 512-. Tidligere tok vi disse inn til verksted-service hver 10.000 km. P.g.a. nyere og mindre vedlikeholdskrevende materiell har vi nå øket dette til 20.000 km, og utarbeidd nye service-skjema tilpasset dette.

Vedlikeholdsbok erstatter førerskjema

Det gamle førerskjemaet som ble utskiftet hver 10.000 km, blir nå erstattet av en vedlikeholdsbok der bilføreren skal kvittere for det vedlikeholdsarbeid han skal utføre mellom hver verkstedservice. Når en 20.000 km periode er utløpt skal han melde fra til nærmeste vegstasjon eller vegsentral og avtale tid for verkstedservice.


Større krav til førerne

Det nye opplegget med lengre intervall mellom hver verkstedservice vil stille større krav til bilførerne og deres arbeid med å holde bilen i så god stand som mulig. Vi vil i den forbindelse understreke viktigheten av regelmessig vedlikehold og renhold. Det er en kjensgjerning at enkelte biler og også andre maskiner har hatt en tendens til å «gro igjen» av rusk og skitt, til ergrelse både for brukere og mekanikere. Dette må vi forsøke å rette på ved regelmessig rengjøring av biler og maskiner vi bruker.

514- som før

Til slutt vil vi minne om at 514-gruppen beholder 10.000 km serviceintervall som tidligere.

Energiøkonomiseringstiltak



Vegsentralen rapporterer

De siste to åra har Vegdirektoratet investert en del i energiøkonomiseringstiltak, kalt ENØK. Det startet med vegsentralene, og i 1983 kom turen til Årø vegsentral.

Hensikten med disse tiltaka er å redusere fyringsutgiftene og bedre arbeidsmiljøet, spesielt ventilasjon i verkstedlokalene. Senere håper vi å kunne oppruste de eldre vegstasjonene som ikke har moderne varme-ventilasjonsanlegg.

Arbeidet startet i mai måned med demontering av de gamle nedslitte varmeaggregatene som var plassert oppunder taket i verkstedet, og fortsatte så med følgende arbeider:

1. Bygging av fyr og ventilasjons-hus og oppsetting av skillevegg mellom plate- og bilverkstedet.
2. Isolasjon og ny papptekking av taket.
3. Montering av nytt varmeanlegg.
4. Montering av ventilasjonsanlegg med varmegjenvinnen.
5. Utskifting av to porter i bilverkstedet.

Kostet godt og vel 1 mill. kr.

De bygningsmessige arbeider er utført av vegsentralens egne folk.


Taktekking og montering av nytt varme-ventilasjonsanlegg er utført av private entreprenører.

Totalt kostet denne opprustningen av vegsentralen godt og vel 1 mill. kr., og av dette gikk det med ca. 0,4 mill. kr. til nytt tak og porter. Takpappen og portene var i så dårlig forfatning at vi i alle fall måtte ta disse kostnadene.

Etter forhåpningene

Det nye varme-ventilasjonsanlegget ble satt i drift til vinteren. Allerede nå kan vi trygt si at dette fungerer etter forhåpningene. Både varmeregulering og ventilasjon av lokalene virker meget bra.

Ventilasjonslufta går gjennom en varmegjenvinner som tar ut inntil 15° C. av utblåsningslufta og denne varmen brukes til å varme opp inn-




blåsingslufta. Med dette systemet sparer vi store oppvarmingskostnader av ventilasjonen.

Det er vel først etter ett års drift at vi kan se hva et slikt nytt varmeventilasjonsanlegg kan gi i energibesparelse, men foreløpig ser det lovende ut.

Med dette nye anlegget har vegvesenet nå seks moderne varmeanlegg. Alle de nye vegstasjonene blir selvfølgelig bygd med slike anlegg.

A. Gautun





Sunndalsøra vegstasjon.



Ørsta vegstasjon.

EIENDOM- OG VERKSTEDDRIFT I 1983

Eiendommer

Vi har satt opp en økonomisk oversikt over eiendomskostnaden (veg-sentral og vegstasjoner) for 1983. Totale kostnader er kr. 4.581.000, og av dette er kr. 1.692.000 faste kostnader (renter og avskrivning på bygg). Økningen i driftskostnadene er ca. kr. 400.000 eller 10%, men i disse tallene ligger store utgifter i omteking av tak på Årø vegsentral og Surnadal vegstasjon samt utvidelse av kontor ved Eidsvåg vegstasjon.

Verksteddrift

I oversikten over verksteddrifta i 1983 ser vi spesielt at utførte verk-

